# SAKLISTE SOKNERÅDSMØTE GLOPPEN SOKN

## Onsdag 10. November 2021, Sandane kyrkje

**Til stades:** Berit Aasebø Hauge, Arne Høyland, Laila Bergheim Ommedal, Hege Alme, Oddhild Almenning, Vidar Bjortveit, Bjørn Aurlien og Åslaug Haugset (ref.)

**Innleiing:** Laila Bergheim Ommedal

**REFERATSAKER**

**Sak 77/21 Godkjenning av innkalling. Saker til Eventuelt.**
Soknerådet godkjenner innkallinga og saklista

**Sak 78/21 Godkjenning av protokoll frå sist møte.**
Soknerådet godkjenner referat frå førre møtet

**VEDTAKSSAKER**

**Sak 79/21 Gudstenestelista for første halvår 2022**
Vidar orienterte. Lista er eit rammeverk, der datoane ligg fast, men detaljar kan endrast.

**Vedtak: Soknerådet godkjenner gudstenestelista**

**Sak 80/21 Møteplan for 1. halvår 2022**

Har laga eit framlegg til møteplan for 1. halvår 2022. Vi tek denne opp til drøfting og godkjenning.

**Vedtak: Soknerådet godkjenner møteplan**

**Sak 81/21 Gjevartenesta**

Arne og Ingebjørg har laga ei fin brosjyre om gjevartenesta. Soknerådet diskuterte teksten litt, Arne gjer nokre endringar og sender ut på messengergruppa. Brosjyra kan leggast inn i salmebøkene på enkelte gudstenester. Medliturgane kan legge dei inn, og det må opplysast om det i kunngjeringane.

**Vedtak: Vi legg brosjyrene inn i salmebøker 21. nov. og 12. des.**

**Sak 82/21 Ny redaktør for kyrkjebladet**

Oddvar Almenning sluttar som redaktør i Kyrkjebladet frå 1. januar 2022. Tre er spurt om å vere redaktør, og soknerådet føreslo tre til som kan spørjast.

**Vedtak:** Berit spør tre til. Det må også stå i kyrkjebladet at vi treng ny redaktør.

**Sak 83/21 Strategi: Byggenemnd for Sandane kyrkje og Audun si rolle.**

Det er vanskeleg å få byggjeleiar til byggjenemnda for Sandane kyrkje. Audun Mundal ynsker å vere sekretær, men har enda opp med rolla som byggeleiar. Han har ytra ynskje om at vi må sjå på rollene hans. Leiar i soknerådet har hatt samtaler med Audun. Han ynskjer ikkje å vere byggjeleiar, men sekretær for byggjenemnda.

Den 8. oktober 2021 kom det svar til kyrkjeverjen frå biskopen angåande ombygging av Sandane kyrkje.

**Vedtak:** Soknerådet gir Arne fullmakt til å gjere avtale med arkitekt med tanke på å svare ut innspel og spørsmål frå biskopen. Arne spør også ein person om å vere byggeleiar. Soknerådet meiner at fellesrådet må betale kostnaden for byggeleiing, og få refundert for soknet sitt ansvar for. Soknerådet peiker også på at det går an å begynne med kjøkkenet allereie no.

**Sak 84/21 Soknet sitt bidrag til trusopplæring**.

Stillinga som trusopplærar har stått ubesett deler av året. Det kan vere grunnlag for reduksjon i soknet sitt bidrag.

**Vedtak:** Berit ber fellesrådet om å vurdere at bidraget skal reduserast.

**Sak 85/21 Søknad om støtte til skihelg på Stranda i mars 2022**

Arne Nesgård har søkt om økonomisk støtte til kyrkja si skiweekend 2022.

**Vedtak:** Soknerådet vil støtte kyrkjas ski-weekend med 1100 kr pr. deltakar.

**Sak 86/21 Deltaking på «Lys Våken»**

Kven kan delta på Lys våken 4.- 5. desember?

**Vedtak:** Oddvar, Oddhild og Eivind blir med.

**Sak 87/21 Orgel og piano i Sandane kyrkje**

Orgel og piano i Sandane kyrkje har sett sine beste dagar. Dorothee har sendt oss eit skriv der ho kjem med framlegg til kva instrument vi treng i Sandane kyrkje. Ho føresler å fjerne det øydelagte flygelet og få inn eit flygel i staden.

**Vedtak:** Soknerådet støtter forslaget om flygel i Sandane kyrkje i staden for reparasjon av orgel.

**Sak 88/21 Ord for ord, Matteusevangeliet**

Vi har tidlegare snakka om praktisk organisering av møtekveldane. I tillegg treng vi folk som kan ha innleiing og avslutning på kvart møte. Dei to komande datoane er 18. nov. og 2. des.
**Vedtak:** Vidar sjekker om nokon av dei som brukar å vere der kan ta ansvar for dette.

**ORIENTERINGSSSAKER**

**Sak 89/21 Orientering frå møte i tru** - Vidar orienterte kort

**Sak 90/21 Aktivitet sidan sist møte**

- Kyrkjebladsfest
  Vellukka fest for ca. 80 innbedne gjester på Nordfjord folkehøgskule laurdag. Helga Byfuglien var talar
  Flott gudsteneste i Vereide kyrkje på søndag. Helga Byfuglien, Lovsanggruppa og Kyrkjekoret. Kyrkjekoret organiserte kyrkjekaffi.
  Det kom inn 9300 kr. i offer til Kyrkjebladet
- Møte i Fellesrådet rett etter dette møtet.
- Orientering om arbeidet i nemnda for kyrkjeleg organisering.
- Leiar i soknerådet har takka Marit Rygg, Ingrid Bakketun og Aase Ryssdal Sæter for det viktige og gode arbeidet dei gjer med konfirmantjubileuma i Gloppen sokn.
- Det var ei fin gudsteneste med folkehøgskulen, og ei fin minnegudsteneste.

**EVENTUELT**
Husestyret har hatt møte, Liv Djupegot og Paul Rune Daviknes vart takka av. Arne Høyland tar attval, soknerådet må spørje to nye.

Neste ordinære soknerådsmøte er 8. desember 2021.

Frist for innsending av saker til dette møtet er: 29. november 2021.